## uskedalen.no vert fornya

03.12.2014




Slik vert førstesida frå årsskiftet

**uskedalen.no - den sida du les no - skal fornyast frå nyttår. Det vart vedteke i eit styremøte i UU i Gamleskulen ikveld.**

**Det er 8 1/2 år sidan heimesida for Uskedalen vart presentert i ny og frisk skikkelse og sidan har ho ikkje vorte nemneverdig endra.. I dette tidsrommet har sida publisert 11 750 saker frå vårt lokalsamfunn.**

Det er ikkje nokon dramatisk endring som skjer, den er relativt varsam og synes mest på forsida der profilene av fjella våre teikna av Tor Myklebust er erstatta av eit flott panoramabilete fotografert frå Skorpefjellet. Det er kombinert med logoen til Uskedal Utvikling,

På forsida vert det også spesielle spaltar for lesarbilete og stuttare notisar. Men nyhendemeldingane vil verta minst like tallrike som før. Det er imidlertid i stor grad opp til uskedelingane sjølve. Dei er i ei nøkkelrolle når vi skal rusta opp heimesida.

Ola Matti Mathisen
redaktør